
Søkar

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Gloppen bibliotek
Institusjonens e-postadresse	bibliotek@gloppen.kommune.no
Postadresse	Firdavegen 21
Postnummer	6823
Poststad	Sandane
Leiar av institusjonen	
Førenamn	Torill
Etternamn	Berge
Telefon	40 033 721
E-post	torill.berge@gloppen.kommune.no

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja
tiltaket?

Tiltak

Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Lenger ut!
Mål for tiltaket	Vi er i sluttfasen av gjennomføring av formidlingsprosjektet LESE-I-LAG - Shared Reading i Gloppen, med midlar frå Nasjonalbiblioteket. Vi ynskjer å nå ut til fleire ulike grupper. Vi vil tilby Shared Reading - og andre former for litteraturformidling. Vi vil nå lenger ut!

Beskriving av tiltaket

Kvifor?

1) Sjølv med stor variasjon i gjennomføringa av Shared reading når vi i hovudsak ut til det vi kan kalle ei "kjernegruppe" av litteraturinteresserte. Vi trur det er fleire der ute som vil ha glede av slik nærlesing, som Shared Reading-metoden gir høve til. Metoden er også med på å skape unike felleskap.

2) Med inspirasjon frå Halden bibliotek, som har hatt bokprat på ulike arbeidsplassar, ynskjer vi med "LENGER UT" å variere med ulike former for litteraturformidling - utanfor bibliotekrommet.

3) Formidling og kontakt med enkeltpersonar har endra seg med utlånsautomat og Meirope-bibliotek. Bibliotektilsette når ikkje like mange med direkte kontakt og ein-til-ein formidling lenger. Dette krev at vi arbeider annleis. Vi må styrke kompetanse og profesjonalitet med både gamle og nye metodar, både Shared Reading, og meir tradisjonell bokprat og høgtlesing - på nye areaner.

Korleis?

Vi ynskjer å nå nye grupper, både ungdom i ulik alder og vaksne som kan hende ikkje har eit aktivt forhold til lesing og litteratur. Ved å gje eit litterarturtilbod der mottakar kan velge form, t.d. eit treøkters-tilbod med Shared reading eller kort bokprat/korte litterære program, eller simpelthen høgtlesing av eit enkelt dikt. Det kan vere i lunsjpauser, på personalmøte, eller på sosiale samankomstar på fritida.

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

Namn

Arbeidsplassar lokalt i Gloppen

Beskriv samarbeidet

Arbeidsplassar har gjerne sosiale tilbod til kollegiet, og ser verdien av at kollegaer opplever andre ting saman enn den konkrete jobbkvardagen. Det kan vere i lunsjpauser, på personalmøte, eller på sosiale samankomstar på fritida.

Namn

Nordfjord folkehøgskule

Beskriv samarbeidet	Skulen ligg nokre km utanfor sentrum, og har elevar frå heile landet, stort sett frå 18 år og oppover. Dei er i ei fase i livet der dei er opne og nysgjerrige. Det hender at enkeltelevar finn vegen til folkebiblioteket, men vi vil nå fleire av desse. Det kan vere del av eit undervisningsopplegg, eller til interesserte elevar på fritida.
---------------------	--

Namn	Gloppen ungdomsskule
------	----------------------

Beskriv samarbeidet	Vi ynskjer å samarbeide med ein lærar og ei klasse på ungdomsskulen. Dette er ei gruppe som aktiv formidling kan gjere ein stor skildnad for. Biblioteket tek turen til skulen og møter elevar i grupper i deira daglege omgjevnader.
---------------------	---

Namn	Bibliotek i vår region (Nordfjord og Sunnfjord)
------	---

Beskriv samarbeidet	Vi vil svært gjerne vidareutvikle opplegg med å samle bibliotektilsette i Nordfjord med Shared Reading, som vi har fått testa i deler av Nordfjord i år. Det har stor verdi for bibliotektilsette å kunne samlast om lesing og litteratur på denne måten, noko vi svært sjeldan har høve til å gjere. Som kollegie på tvers av kommunegrensene kan vi styrke den generelle litteraturinteressa og evna til å møte ulike litterære uttrykk, - i lag. I 2023 samla vi nokre av Nordfjord-kollegiet med LESE-I-LAG på Sandane, i Stryn og på Nordfjordeid. I 2024 kan det hende vi møtast i Svelgen, i Måløy og i Florø?
---------------------	---

Budsjett

Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	75 000
--------------------------------------	--------

Samla inntekter:	75 000
------------------	--------

Utgifter

Beskriving andre utgifter	Frikjøp av bibliotekpersonale
Beløp	75 000
Samla utgifter:	75 000
Inntekter - utgifter	
	0